| DEN NORSKE KYRKJA<br>Vaksdal sokneråd | NR 5/26<br>SAK 30 – 39 |
|---|---|

| Referat frå møte i Vaksdal sokneråd | |
|---|---|
| **Tid** | **10.06.2026 kl. 17.00 – 19.30** |
| **Stad** | **Konfirmantrommet Vaksdal kyrkje** |
| **Til stades** | Vikarprest Roar Strømme, Tove Margrete Nordmark, Per Nordmark, Heidi Rongved, Oddvar Dale og Grete Loftheim Dale. Siv Torlaug hadde skrive ei evaluering til sak 36/26.<br>I sak 37/26: Frå Stamnes sokneråd: Bjørn Stamnesfet, Monica Myster Dyvik, Anne Margrethe Eikefet, Eidrun S. Nordmann. |
| **Forfall** | Siv Torlaug Hisdal Tormod Amundsen |
| **Referent** | Grete Loftheim Dale |

| **Opning** | v/ Roar Strømme: Tok utgangspunkt i boka «Dementia – living in the memory of God» av John Swinton. Eldrebølgja. Er vi førebudde? Visitt på sjukeheimen: Kven er vi når vi ikkje husker vår eiga historie? Vi er uansett i guds minne. Vi er guds barn når alt anna – vår historie og titlar - er borte. | **Ansvarleg** | **Frist** |
|---|---|---|---|
| **Sak 30/26** | **Godkjenning av innkalling og saksliste:** godkjent**.** | | |
| **Sak 31/26** | **Gudstenester og ansvarsfordeling**<br>• 21. juni kl. 11.00<br>• 12. juli kl. 11.00 (eller 18?)<br>• 2. august kl. 11.00<br>• 23. august kl. 18.00 – konfirmantpresentasjon<br>• 13. september kl. 11.00<br>• 4. oktober kl. 11.00 – konfirmantjubileum<br>NB: 12/7 og 2/8 trengs kyrkjevertar | Gr.og Oddv.<br>?<br>?<br><br>T.M.&Per | |
| **Sak 32/26** | **Evaluering av gudstenestene sidan sist**<br>• 17. mai: Ca 20 deltakarar. Få frammøtte samanlikna med deltaking i indre bygder.<br>• Pinsedag: Med orgelresitasjon: ca. 2 timer. Felles høgtidsgudsteneste. Ca 65 deltakarar. Dåp. Flott musikk. For tungt? For mykje innhald?<br>• Fitjavasstemne 7/6: Forfall frå Samnanger: Roar heldt gudstenesta. 6 møtte frå Vaksdal. | | |

Framleis interesse for å halda fram med stemna. I 2028 er det tid for 125årsjubileum. For nokre er turen etter kvart vorten for strabasiøs. Alternativ tilkomst kan vera via Samnanger - Vannveien til Fitjavatnet eller Totræna.

**Sak 33/26** **Møteplan Vaksdal sokneråd hausten 2026**

Dag og tid for møtene: tysdagar kl. 17.00 – 19.00
Framlegg til datoar:

- 25. august: Invitere Kristin: Tema: Plan om kirkelig undervisning og læring.
- 22. september
- 29. september **OBS!** felles møte for alle sokneråda på Dale, kl. 18.00 – 20.30. Tema: sokneråds val.
- 20. oktober
- 17. november
- 15. desember

**Sak 34/26** **Tildeling av kyrkjeoffer hausten 2026**

Framlegg:

| Dato | Merknad | Offerføremål |
|---|---|---|
| 21. juni | | NMS, Det norske misjonsselskap |
| 12. juli | | HTPV Kuron |
| 2. aug | | Kyrkjelydsarbeidet |
| 23. aug | Konf.pres. | Fagertun leirstad |
| 13. sept | | KABB |
| 4. okt | Konf. jubileum | Kyrkjelydsarbeidet |
| 25.okt | | Changemaker |
| 8. nov | 4- og 10-åringer | IKO |
| 29. nov | Lysmesse | Kyrkjelydsarbeidet |
| 13. des | | HTPV Kuron |
| 24. des | | Kirkens nødhjelp |
| 25. des | Felles høgtidsgt. | Normisjon |
| 31. des | | Kirkens SOS |

**Sak 35/26** **Konfirmantjubileum 4. oktober**

- Korleis ligg vi an når det gjeld utsending av innbyding og påmeldingar?
- Bestille Bedehuset og
- Bestille mat

Tove
Margrete

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Påmelde:<br>1966 kull: 4<br>1976 kull: 1 | | |
| **Sak 36/26** | **Sommarfest for frivillige 19. mai - evaluering**<br>• Utrygt vêr og difor småbord inne i kyrkja<br>• Innkjøp – passeleg? Ja. Litt til overs, men ville truleg gått meir om vi kunne vere ute.<br>• Økonomi: Brukte totalt omlag kr. 4000,-. Skal vi vera lojal mot lokal butikk til tross for høgare priser enn t.d. på Dale? Konklusjon: Vi held fram med å handle lokalt.<br>• Tilbakemeldingar frå dei innbedne. Gode tilbakemeldingar m.a. om bruk av kyrkja til slike arrangement.<br>• Lyd: mikrofon som er bygd for å ha på hovudet må ein ha på hovudet for at den skal kunne fanga opp lyden. | | |
| **Sak 37/26** | **Stillinga som sokneprest - ingen kvalifiserte søkjarar**<br>Orientering og drøfting om vegen vidare<br>• Ny utlysing over sommeren?<br>• Vurdera å opne for PUU, prest under utdanning<br>• Press på å få PUU raskt? Stiftsdirektøren fullmakt.<br>Sokneråda fekk m.a. av Roar orientering om prosedyrar, retningslinjer og kva som er mogeleg. Få aktuelle søkjarar på ledige stillingar i bispedømmet i forhold til tal på ledige stillingar.<br>**Konklusjon:** Stamnes og Eidsland sokneråd og Vaksdal sokneråd ønskjer ny utlysing snarast.<br>Om ein framleis ikkje får kvalifisert(-e) søkjar(-ar), kan stillinga lysast ut att - der det vert mogeleg for PUU å søkja. Det siste må opp i møte i bispedømmerådet 25/9 pga bemanninga i prostiet – fleire PUU i stillingar allereie.<br>Lobbyverksemd på utdanningsstader? Oppslag på MF eller NLA? | | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Ikkje ledig prestebustad i kommunen. K5/ FAS-prosjektet kan verte eit problem i forhold til transport/ pendling for aktuelle kandidatar. | | |
| **Sak 38/26** | **Dugnadstimar sidan sist**<br>• 0 timar | | |
| **Sak 39/26** | **Orienteringssaker/drøfting**<br>• Nytt frå fellesrådet v/Heidi: Løpar i kyrkjeskipet: Soknerådet ta tak i den saka.<br>• Anna: Kyrkjegardsdagar – t.d. før 17/5 eller konfirmasjonssøndag slik som på Stamnes- noko for Vaksdal sokn? Vedlikehald av gravplass er fellesrådet sitt område. På Stamnes har soknerådet hand om saka. Sosialt med blomsterbil og felles økt med stell. På Vaksdal ligg ikkje gravplassen v/ kyrkja.<br>• Kantor/ kyrkjemusikar 50% lyst ut med frist 26/6. Organist Frode Vik har gått opp frå 50 til 100% stilling.<br>• Offer 13/9 til KABB: U.s. korleis dei kan hjelpe svaksynte til betre oppleving under gudstenesta.<br>• Kyrkjeval: Vert i 2027 digitalt. Å legge til rette for å gje hjelp med digital stemmegjeving, er lagt til fellesrådet.<br>• Utfordringa vert å få aktuelle kandidatar til sokneråda. Felles soknerådsmøte 29/9: Viktig møte. Tema vert digitalt val + struktur på sokneråda. | Grete u.s. | |
| **Avslutning** | **Vår Far i himmelen**!<br>Lat namnet ditt helgast.<br>Lat riket ditt koma.<br>Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.<br>Gjev oss i dag vårt daglege brød,<br>og tilgjev oss vår skuld, slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.<br>Og lat oss ikkje koma i freisting,<br>men frels oss frå det vonde.<br>For riket er ditt, makta og æra i all æve. Amen. | | |